



DIAKONIPLAN FOR UNDHEIM KYRKJELYD

2022-2025

Definisjon

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling, og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.”

Visjon

Guds kjærleik til alle menneske og alt det skapte, verkeleggjort gjennom liv og teneste.

Mål

Mål for diakonien er delt inn i dei fire hovudpunkta **nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.**

Lokale mål: Vi ønskjer at Undheim kyrkjelyd er eit fellesskap som

- vil fremja diakonien som ein sentral og førande del av kyrkjelydsarbeidet
- inkluderer (ønskjer deg velkommen uansett kor i livet du er)
- er stader å vere både i glede og sorg og når livet opplevast vanskeleg
- møter alle med varme og respekt
- formidlar Jesu kjærleik gjennom forkynning og praktisk diakonalt arbeid
- har engasjement for menneske

Innleiing:

Planen for diakonal verksemd tek utgangspunkt i Kyrkjerådet sin Plan for diakoni i Den norske kyrkja frå 2007. Målet er å konkretisera dei overordna tankane og strategiane i planen. Denne lokale diakoniplanen er gjennomarbeidd av diakon og sokneråd, og vedteken på soknerådet sitt årsmøte i 2009. Deretter blei planen sendt til Fellesrådet som informasjonssak. Vidare skal planen evaluerast og oppdaterast annan kvart år. Neste evaluering er våren 2025

VERKSEMDSOMRÅDE



Nestekjærleik



- Hovudmål:** 1. Den lokale kyrkjelyden har eit omsorgsarbeid som er retta mot lokale utfordringar.
2. Kyrkje og kyrkjelyd inspirerer til eit liv i nestekjærleik.

1. Sorgarbeid / arbeid for etterlatne

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sorggrupper for vaksne etterlatne (samarbeid, Jæren og Sandnes prosti)	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Sorggruppeleiarar og diakon	Kontinuerleg og ved behov
Sorggrupper for barn-samarbeid, Diakon og Se-meg (-ein interesseorganisasjon for barn som pårørande)	Å sjå og støtta barn og ungdom som pårørande. Gi tryggleik til barn og ungdom som opplever utfordrande livssituasjonar, og hjelpa dei gjennom prosessen	Diakon, Se meg ansatte, frivillige	Kvar torsdag og ved behov Vi dekker i dag Jær-regionen frå Egersund til Klepp.)
Oppsøking via brev, tlf. og besøk	Gi tilbod om besøk, samtale og sorggruppe	Diakon	Kontinuerleg
Sorggruppeleiarar	Dele erfaringar. Rettleing og debrifing	Diakon	Fortløpande i prosessen og etter kvar sorggruppe med leiarar frå Time er avslutta.
Minnegudsteneste med opplesing av namn	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Time diakoniutval, diakon og organist	Kvar andre sundag i januar i Time kyrkje
Open kyrkje ved Allehelgensdag i Time kyrkje	Gi støtte ved besøk av gravene, bearbeiding av sorg, formidle det kristne håpet	Time diakoniutval, diakon og prest	Kvar laurdag før Allehelgensdag i Time kyrkje
Temakveld om sorg (samarbeid med Jæren og Sandnes prosti)	Gi støtte og bearbeiding av sorg	Diakon	1x/år Jæren prosti

2. Arbeid for eldre

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Åremålsbesøk, besøk til dei som fyller 80, 90, 95 og 100 år	Besøk med bokhelsing til alle medlemmar i kyrkjelyden som fyller rundt tal.	Bøne- og omsorgsgruppa og diakon	Kontinuerleg
Arrangera vårfest for alle over 60	Gje høve til å koma saman til fest i regi av kyrkja i Undheim og Time	Time diakoniutval, diakon og frivillige	Ein søndag på våren kvart år. Annankvar år Undheim kyrkje og Lye Forsamlingshus

3. Besøksteneste

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Oppsøkjande verksemd, besøk i heimar	Imøtekomma ønske om kontakt og samtale	Diakon, frivillige og omsorgsgruppe	Etter avtale med den enkelte
Soknebod	Gje nattverd i heimen til sjuke og dei som ikkje kjem seg til gudstenestene	Prest eller diakon	Etter avtale med den enkelte
Lag skriftleg informasjon(brosjyre)	Del ut informasjon om besøksteneste)	Diakon, diakoni utval	Etter avtale med den enkelte

4. Samlivsarbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Weekendkurs (spesielt invitera dei som har gifta seg siste året)	Styrka samlivet i parforhold	Frivillige medhjelpar-par som held kurs, diakon og styringsgruppe	På Holmevatn ved behov.

5. "Kirkens SOS"

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Informasjonsspreiing, utplassere kort, plakatar og oppslag	Gjere tilbodet kjent slik at folk får høve til å bruke det	Diakon, sokneråd og Helgedagen redaksjonen	2x: Vår og Haust, kunnngjerigar Helgedagen og Møteplassen
Rekruttering av fleire medarbeidarar	Få fleire menneske frå Undheim engasjert i Kirkens SOS sitt arbeide	Sokneråd og diakon	Kontinuerleg og særleg ved nye medarbeidarkurs som Kirkens SOS arrangerer

6. Krisearbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Beredskapsarbeid, medlem av kommunalt kriseteam	Gje støtte til dei som vert ramma av kriser	Diakon og prest	Ved behov meldt frå kriseteamet sin leiar og kommunelegen.
Open kyrkje ved større ulykker o.a. regionalt eller lokalt	Gje støtte i krisesituasjonar ved at dei kriseramma har ein plass å koma til ved kriser	Diakon, prest og kyrkjeverje	Bryne kyrkje, Time kyrkje, Undheim kyrkje, Lye fors.hus ved behov

7. Bønearbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Tilby bøn med salving av sjuke	Be for, og salve sjuke som ønskjer det	Diakon, prest	I heimen til den sjuke eller i kyrkja, etter avtale med den enkelte
Bøn for gudstenestene	Lyfta gudstenesta og fellesskapet fram i bøn. Opent for alle	Bøne- og omsorgsgruppa	I forkant av gudstenestene
Tilby forbønn i og etter gudstenestene	Be for dei som ønskjer forbønn	Bøne- og omsorgsgruppa	På gudstenestene der det er høveleg
Bøneteneste på SMS	Be for kyrkjelyden, land og folk, bønefellesskap og bøn	Bøne- og omsorgsgruppa	Undheim kyrkje
Bønekrukke og bønepostkasse i kyrkja	Gje menneske moglegheit for å melda bønebehov	Bøne- og omsorgsgruppa	Kontinuerleg, og særleg ved gudstenestene
Mødre i bøn	Bøn for borna og bygda	Ei frivillig gruppe med mødre	Etter avtale med dei enkelte

Inkluderande fellesskap



- Hovudmål:**
1. Fellesskapa i kyrkjelyden er opne og inkluderande.
 2. Kyrkjelyden deltek aktivt med å styrkje fellesskap og nettverk generelt lokalsamfunnet.

1.Menneske med utviklingshemming

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sundagstreff	Skapa sosialt og åndeleg fellesskap og gje kyrkjetilhøyring	Frivillige i Sundagstreff-komiteen og diakon	Ein søndag i månaden i Bryne kyrkje og sommaravslutning med grillfest i Undheim kyrkje
Formiddagsgudsteneste med Bankers og sundagstreff	Inkludere menneske med utviklingshemming i gudstenestefellesskapet i kyrkja	Frivillige i Sundagstreff-komiteen, diakon og prest	Ein formiddagsgudsteneste kvart tredje semester
Gudstenesteverkstad	Førebu deltakarane og øve på innslag til formiddagsgudstenesta	Frivillige i Sundagstreff-komiteen, diakon og prest	Ein ettermiddag i forkant av formiddags-gudstenesta
Spør nokre av sundagstreff deltakarane om oppgåver i vanlege formiddagsgudstenester	Inkludera i kyrkjelydsfellesskapet	Diakon og prest	Fortløpande

2. Fellesskapsbyggjande arbeid

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Misjonsforeining	Ta vare på kvarandre i fellesskapet	Frivillige	I heimane, kontinuerleg
Ta imot folk som kjem til kyrkja	Gje både nye og faste kyrkjegjengarar ei oppleving av å bli godt mottekne i kyrkja	Kyrkjevertar og kyrkjekaffi komité	Kontinuerleg
Smågrupper - Ha eit tilbod om smågruppe Ha eit tilbod om huskyrkjer både for vaksne og ungdommar	Gje fellesskap gjennom smågrupper til alle som ønskjer det	Sokneråd, diakon, prest og frivillige	Kontinuerleg
Arbeid for og med ungdom	Sjå, bekrefte, veilede og fremja trivsel hos ungdommar i kvardagslivet	Stab og frivillige	Kontinuerleg
Arrangere medarbeidarfest/samling	Gje oppmuntring og inspirasjon til dei som er frivillige i kyrkjelyden	Stab og sokneråd	1 gong annan kvart år i Undheim kyrkje
Diakoniens dag	Lyfte opp diakonien i gudstenesta: ved å se/dekke samfunnets behov for omsorg	Diakon og frivillige Gjest: Fosterhjemstjenesten i Stavanger Barne-, ungdoms- og familieetaten Region Vest	April 2023

3. Omsorg for innvandrar

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Innvandrartreff	Integrering. Lære språket - Treffe andre og dele erfaringar. Bli betre i norsk.	Frivillige Diakon(MariaPraxedes Slettebø)	Tysdagar frå 19:30– 21:00 Bryne kyrkje

4. Omsorg for medmenneske som har det vanskeleg

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Cafe William tilbyr mat og samtale: - Mat utdeling - Samtale med diakon	Gje oppmuntring og inspirasjon til dei som har det vanskeleg psykisk og økonomisk Forebygge rus	Diakon, Frivillige Frelsesarmeen	Torsdagar frå 12:00 – 14:00
Markering av rusfri dag	Tydleggjere vårt arbeid Cafe'William	Frelses armeen, diakon og frivillige	1x pr. år veksle mellom Bryne (Og Undheim?)
Ungdomskveld: Undheim og Time Tilby Samtale for Ungdom/Ung Voksen (Lag brosyre/annonse om dette)	Gjere diakonien kjent blant ungdommar, Tilby samtale (Diakon) Å være til stede for Ungdom/Ung voksen som trenger å ha nokon å snakke med. (dem som slitar med eks Identitet. Personleg relasjonar, sorg osv.	Frivillige Ungdomsarbeidaren (Diakon)	Time og Undheim Diakon tilgjengeleg for samtale Annenkvart Laurdag)

5. Andaktar og gudstenester på institusjonar

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Sivdammen velferdssenter	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon og prest	Ein torsdag i månad
Sivdamheimen	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon og prest	Ein onsdag i månad
Frøyland omsorgssenter	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon, prest og samarbeid med Frøyland og Orstad kyrkje	Ein onsdag i månaden
Bryneheimen	Gi bebuarane eit åndeleg tilbod og høve til å ta del i det kristne fellesskapet	Diakon og prest. Organist ved nattverd	Annankvart torsdag, Nattverd ein gong i månad

Vern om skaparverket



- Hovudmål:** 1. Kyrkje og kyrkjelyd arbeider med den bibelske forståinga av Guds skaparverk og Mennesket som ein del av det.
2. Kyrkjelyden og den enkelte er aktivt og konkret med på å skape ein positiv livsstil som fremjar balanse og heilskap.

1. Vera Grøn kyrkjelyd

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Stad
Tilby retreat på Utstein Pilgrims gard	Lyfta opp arbeid for stille og ettertanke, og gjera det tilgjengeleg for medlemmane i kyrkjelyden	Sokneråd, prest og diakon	Kontinuerleg

Kampen for rettferd



- Hovedmål:** 1. Kyrkje og kyrkjelyd engasjerer seg i rettferdig fordeling av ressursane i verda.
2. Kyrkje og kyrkjelyd står opp for menneske som får krenkt menneskeverdet sitt.

1. Fasteaksjonen

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/stad
Utlegging og bruk av fasteaksjonsmaterieill	Spreie kunnskap om tema for Fasteaksjonen	Kateket, diakon, prest	Kvart år i fastetida.
Gudsteneste om rettferd og solidaritet	Sette søkelyset på rasisme som finnes rundt oss til dømes, rasediskriminering og kjønnsdiskriminering. Feire at vi er forskjellige	Diakon, prest, staben og frivillige Leie aktuelle aktører	Årleg. Andre søndag i advent.
Delta i innsamlingsaksjonen	Samle inn pengar til Fasteaksjonen	Kateket, diakon, konfirmantar m/foreldre, Undheim diakoniutval, frivillige	Kvart år, tysdag før Palmesundag.

2. Kyrkjelydens prosjekt

Tiltak	Mål	Ansvar	Tid/Sted
Kyrkjelydens misjonsprosjekt	Gje støtte til misjonsprosjektet og spreie engasjement omkring misjon	Misjonsutvalet	Kontinuerleg
Ofringar til organisasjonar som driv misjon/humanitært arbeid	Gje støtte til humanitære organisasjonar gjennom å samle inn pengar	Soknerådet	Ved fordeling av offer

- Diakoniplanen er evaluert og revidert av diakon i samarbeid med bønne- og omsorgsgruppa.
- Planen er godkjend av soknerådet Våren 2022
- Planen er oversendt til fellesrådet Våren 2022

Tidpunkt for ny evaluering: Våren 2025